



DEN NORSKE KYRKJA
Bømlo Sokneråd

Møtereferat

Bømlo Sokneråd

Sted:	Bømlo kyrkje	Dato: 28.09.22
Fremmøtte:	Elin Vold, Fríðleif Lydersen, Øystein Skullerud Nancy Helen Olsen Gjest: Janne Gilje Røslund (ass. kyrkjevevje)	
Referent:	Nancy Helen Olsen	

Dagens ord vart halde av Fríðleif.

Saksliste:

Sak 106 - 169 - 2022 - Godkjenning av saksliste og innkalling.

Innkalling og saksliste godkjent

Møte den 31.08.2022 gjekk ut pga kollisjon med møte i Fellesrådet

Sak 107 - 170- 2022 - Godkjenning av referat.

Referat godkjent.

Sak 108 - 171 - 2022 - Framdrift ombygging av kyrka - lager

Ved møtedato vart det opplyst at varene var bestilt og at arbeidet snart ville ta til. I dag veit me at arbeidet er igong.

Sak 109 - 172 - 2022 - Ferdigstilling kjøkken - plassering av utstyr

Utstyr til kjøkken er komme på plass. Det står noko i gangen som skal kastast.

Sak 110 - 173 - 2022 - Straum - Informasjon frå Trygve Leigland (sjå egen mail)

Dersom desse høge straumprisane vedvarer kan det vera snakk om å stenge enkelte kyrkjer i kommunen. Dersom dette vert aktuelt i vårt sokn kan bedehuset vera aktuelt å leiga til f.eks gudstjenester.

Det er muleg og søkja straumstøtte hos bl.a Finnås kraftlag og sparebanken vest. I staden for generell støtte kan ein søkje om støtte til spesifikke arrangement.

Sak 111 - 174 - 2022 - Konfirmasjonsfest i framtida

Saka vert tatt opp på neste møte pga lite oppmøte

Sak 112- 175 - 2022 - Forespørsel om offer (sjå egen mail)

Det er kome inn nokre søknader om offer tildelelse frå ulike organisasjonar. Prøver å få desse inn på lista til våren. Fridleif lagar oversikt til våren som me godkjenner før jul.

Sak 113 - 176 - 2022 - Soknerådsvalg 2023

Utset saka til neste møte sidan det er lite oppmøte. Treng 11 kandidatar til lista. Ynskjer at alle tenkjer ut kandidatar som kan stå på valglista.

Sak - 114- 177 -2022 - Møte i diakoninemnd og gudstjenesteutvalger

Trygve kallar inn til møte i diakoninemnda i nær framtid. Fridleif og Øystein prøver å få til eit møte i gudstjenesteutvalget i forkant av neste soknerådsmøte (26 Oktober)

Sak - 115 - 178 - 2022 -Eventuelt

Det vert minnegudstjeneste i Lykling kyrkje 5 november. Det trengs 2 stk til å delta. Elin spør om Svanhild Vespestad kan tenkja seg å vera med.

Janne er tilstades som gjest under møtet i dag. Ho arbeidar som assisterande kyrkjevevjerje no. Ho fortel oss litt om arbeidet sitt.

Kyrkjemusikalsk arbeid - Øystein etterlyser ein oversikt over kva økonomiske midler som er tilgjengelige til kyrkjemusikalsk arbeid. Elin lagar ein oversikt.

Øystein opplever at lysa framme i kyrkja ikkje er optimale. Når koret opptrer får nokre voldsomme lys i ansikt. Dei som står fremst kan oppleve å sjå dårleg på noteark pga lite lys.